

Samnanger bit ikkje på agnet

Personal- og økonomiutvalet i Samnanger seier nei til Kvammapakken og tja til kvamskogtunnelen. Same haldning er venta i kommunestyret torsdag.

ÅSMUND SOLDAL



Samnanger er samd i at det er trong for trafikksikring i Eikedalen, men let seg ikkje lokka av agnet på 12 millionar kroner til føremålet.

Kommunestyret i Samnanger gjekk i oktober mot bompengesøknaden i samband med Kvammapakken. Etter livleg lobbyverksemd av Kvam Bompengeselskap AS (KBS) kjem saka opp igjen i kommunestyret neste torsdag. Men personal- og økonomiutvalet vil ikkje ha noko med Kvammapakken å gjera trass i at KBS lokka med ei velkomstgåve på 12 millionar kroner til trafikksikring i Eikedalen. Utvalet opnar likevel for ein viss velvilje til kvamskogtunnelen.

Nytte på lang sikt

Utvalsemedlem Helge Reistad (Bygdalista) seier til HF at samningane truleg ikkje får nytte av kvamskogtunnelen med det fyrste.

– Personleg meiner eg Samnanger kan tena på ein slik tunnel på lengre sikt. Veganellegget vil mellom anna kanalisera trafikk til Samnanger, og det er bra for oss, seier Reistad. Han er redd kommunen kan hamna i ei bakevje om ferdsla frå jondalstunnelen skal kryssa Samnangerfjorden på ei bru ved Boge.

Næringsråd

Dagleg leiar i Kvam Næringsråd, Torleiv Ljones, seier næringslivsråda i begge kommunane er samde om at kvamskogtunnelen er det einaste saliggjerande, og bae arbeider såleis imot Kvammapakken og for tunnelen.

– Kvam Næringsråd stiller seg heilt på line med rådmann

Knut Terje Rekve, som har teke til orde for ei omprioritering ved å arbeida einseitig for kombitunnel for bil og kraft, seier Ljones.

Helge Reistad opplyser at

Samnanger kommune har sitt vegfokus retta mot riksveg 48 og tunnel forbi gamle Tysse sentrum. Han vil ikkje spå, men reknar med at tilrådinga frå utvalet vil vinna fram i

kommunestyret.

Styreleiar Oddvar Brakestad i KBS har gått på friarferd for å vinna samnangersympati for Kvammapakken. Han ynskjer ikkje å kommentera tilrådinga

frå personal- og økonomiutvalet, men seier at KBS har lagt mykje vinn på å få tilslutnad av grannekommunen.

Søknad likevel

– Eg har grunn til å tru at sjølv om Samnanger skulle gå mot Kvammapakken, så kjem vegkontoret til å senda bompengesøknaden, seier han.

Administrasjonssjefen i Samnanger meiner lovnaden om 12 millionar kroner til trafikksikring i Eikedalen endrar lite på saka. Ho påpeikar at mestedelen av pengane likevel kjem til å hamna i Kvam, og at kvamskogtunnelen kompliserer totalbiletet. Likevel: om tunnelen kjem, kan Samnanger stilla seg meir velvillig til ein bompengestasjon i sin del av Eikedalen.

– Det einaste rette er å utsetja Kvammapakken i påvente av tunnelen, seier administrasjonssjefen, som seier kommunen i år ikkje har råd til å byrja med planarbeid med Mørkhølen.